



Kartverket Tinglysingen v/ Marit Stensrud
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1107 - 18/8855

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no


23.04.2018

Retting av avvik mellom grunnbok og matrikkel 1/12/3

Knr 1256 Meland vert 01.01.2020 slått saman med Knr 1260 Radøy og Knr 1263 Lindås. Den nye kommunen vert knr 4631 Alver.

I samband med avvikslister er det funne at matrikkeleining gnr 1 bnr 12 fnr 3 i Meland kommune er utgått i matrikkel og består i grunnboka.

Denne festetomta vart frådelt til eige bruksnummer 1/399 ved kartforretning 22.12.2005. Dagboknummer 2005/11874-1/51



I samband med frådelling av festetomt til eige bruk søkte kommunen å sletta festekontrakta for denne eigedommen i 2016. Krav om slettinga av festekontrakta kom i retur frå tinglysinga pga livsvarig burett for Elsa Østergaard f. 09.12.24 på eigedommen. Sjå vedlagt returbrev frå tinglysingen dat 10.10.2016.

Rettighetshavar til denne buretten er no død (01.10.2017) og me ber difor om at denne vert sletta. Vedlagt utskrift frå folkeregisteret.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlagt ligg også krav om sletting av festekontrakta signert av festarane Inge Østergaard og Edvin Østergaard, datert i august/ sept 2016. Kravet om sletting kom også i retur i 2006 pga buretten som hindra slettinga. Det er Inge Østergaard som eig den frådelt eigedommen gbnr 1/399 i dag.

Me ber også om at denne festekontrakta kan verte sletta.

Når sletting av burett og festekontrakta er utført, ber me om at gnr 1 bnr 12 fnr 3 vert sett som utgått i grunnboka.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Sletting av festekontrakt gnr 1 bnr 12 fnr 3

Returbrev tinglysingen gnr 1 bnr 12 fnr 3

Attest folkeregisteret